

KOMMISJONSAVGJERD

2015/EØS/76/100

av 24. september 2010

om endring av vedlegget til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF om unntak for bruk av bly, kvikksølv, kadmium, seksverdig krom, polybromerte bifenyler eller polybromerte difenyleterar, for å tilpasse det til den vitskaplege og tekniske utviklinga

[meld under nummeret K(2010) 6403]

(2010/571/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensing av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Etter direktiv 2002/95/EF er det forbode med bruk av bly, kvikksølv, kadmium, seksverdig krom, polybromerte bifenyler (PBB) og polybromerte difenyleterar (PBDE) i elektrisk og elektronisk utstyr som er bringa i omsetning etter 1. juli 2006. I vedlegget til det nemnde direktivet er det ført opp unntak frå dette forbodet. Desse unntaka bør vurderast på nytt for å tilpasse dei til den vitskaplege og tekniske utviklinga.
- 2) Vurderinga av unntaka har synt at bruken av bly, kvikksølv, kadmium eller seksverdig krom på visse område, framleis bør ha unntak frå forbodet, ettersom det enno ikkje på ein teknisk eller vitskapleg måte er mogleg å fjerne desse farlege stoffa frå desse særlege bruksområda. Desse unntaka bør difor haldast ved lag.
- 3) Vurderinga av unntaka har synt at det innanfor visse bruksområde er vorte vitskapleg eller teknisk mogleg å fjerne eller byte ut bly, kvikksølv eller kadmium. Desse unntaka bør difor gå ut.
- 4) Vurderinga av unntaka har synt at det innanfor visse bruksområde vil verte vitskapleg eller teknisk mogleg å fjerne eller byte ut bly, kvikksølv eller kadmium i den nærmaste framtida. Det bør difor fastsetjast ein frist for kor lenge desse unntaka skal gjelde.

5) Vurderinga av unntaka har synt at det innanfor visse bruksområde er vitskapleg eller teknisk mogleg delvis å fjerne eller byte ut kvikksølv. Innhaldet av kvikksølv som kan nyttast innanfor desse bruksområda, bør difor reduserast.

6) Vurderinga av unntaka har synt at det innanfor visse bruksområde vil vere vitskapleg eller teknisk mogleg berre delvis og gradvis å fjerne eller byte ut kvikksølv i den nærmaste framtida. Innhaldet av kvikksølv som kan nyttast innanfor desse bruksområda, bør difor reduserast gradvis.

7) I visse tilfelle er det teknisk umogleg å reparere elektrisk og elektronisk utstyr med andre reservedelar enn originale delar. I desse tilfella bør difor bruken av reservedelar som inneheld bly, kvikksølv, kadmium, seksverdig krom eller polybromerte difenyleterar som er omfatta av eit unntak, kunne tillatast til reparasjon av elektrisk og elektronisk utstyr som vart bringa i omsetning før unntaket gjekk ut eller vart oppheva.

8) I kommisjonsforordning (EF) nr. 244/2009 av 18. mars 2009 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/32/EF når det gjelder krav til miljøvennlig utforming av ikke-retningsbestemte husholdningslamper⁽²⁾ og kommisjonsforordning (EF) nr. 245/2009 av 18. mars 2009 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/32/EF med hensyn til krav til miljøvennlig utforming av lysrør uten innebygd forkopling og høyintensive utladningslamper samt forkoplinger og lysarmaturer som kan drive slike lamper, og om oppheving av europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/55/EF⁽³⁾ er det fastsett rettleiande referanseverdiar for bruken av kvikksølv i lampar. Sjølv om kvikksølvinnhaldet i lampar vart sett på som ein viktig miljøparameter i forordning (EF) nr. 244/2009 og (EF) nr. 245/2009, vart det rekna som meir føremålstenleg å regulere dette ved direktiv 2002/95/EF, som òg gjeld for lampetypar som ikkje er omfatta av dei nemnde forordningane.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 251 av 25.9.2010, s. 28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 73/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 40.

(1) TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19.

(2) TEU L 76 av 24.3.2009, s. 3.

(3) TEU L 76 av 24.3.2009, s. 17.

9) Analysen av dei tiltaka som er fastsette i forordning (EF) nr. 244/2009, har synt at det er teknisk eller vitenskapleg mogleg å delvis fjerne eller byte ut kvikksølv innanfor visse bruksområde, utan at det vil få negative verknader for miljøet, helsa og/eller forbrukartryggleiken som er større enn føremonene med å byte ut stoffet. Difor bør innhaldet av kvikksølv innanfor desse bruksområda reduserast i samsvar med forordning (EF) nr. 244/2009.

10) Det må gjerast omfattande endringar i vedlegget til direktiv 2002/95/EF. Av omsyn til klarleiken bør difor heile vedlegget bytast ut.

11) I samsvar med artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2002/95/EF har Kommissjonen rådspurt dei partane som det gjeld.

12) Direktiv 2002/95/EF bør difor endrast.

13) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 18 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/12/EF⁽¹⁾ —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegget til direktiv 2002/95/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 24. september 2010.

For Kommissjonen

Janez POTOČNIK

Medlem av Kommissjonen

⁽¹⁾ TEU L 114 av 27.4.2006, s. 9.

VEDLEGG

«VEDLEGG

Bruksområde som har unntak frå forbodet i artikkel 4 nr. 1

	Unntak	Omfang og bruksfristar
1	Kvikksølv i lysrøyr med enkel sokkel (kompaktlysøyr), høgst (per brennar):	
1(a)	For allmenne lysgjevingsføremål < 30 W: 5 mg	Går ut 31. desember 2011. 3,5 mg per brennar kan nyttast etter 31. desember 2011 fram til 31. desember 2012. 2,5 mg per brennar skal nyttast etter 31. desember 2012
1(b)	For allmenn lysgjeving \geq 30 W og < 50 W: 5 mg	Går ut 31. desember 2011. 3,5 mg per brennar kan nyttast etter 31. desember 2011
1(c)	For allmenn lysgjeving \geq 50 W og < 150 W: 5 mg	
1(d)	For allmenn lysgjeving \geq 150 W: 15 mg	
1(e)	For allmenn lysgjeving med sirkelforma eller kvadratisk form og røyr diameter \leq 17 mm	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 7 mg per brennar kan nyttast etter 31. desember 2011
1(f)	Til spesielle føremål: 5 mg	
2(a)	Kvikksølv i rette lysrøyr med dobbel sokkel til allmenn lysgjeving, høgst (per lampe):	
2(a)(1)	Trifosforlysøyr med normal levetid og røyr diameter < 9 mm (t.d. T2): 5 mg	Går ut 31. desember 2011. 4 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2011
2(a)(2)	Trifosforlysøyr med normal levetid og røyr diameter \geq 9 mm og \leq 17 mm (t.d. T5): 5 mg	Går ut 31. desember 2011. 3 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2011
2(a)(3)	Trifosforlysøyr med normal levetid og røyr diameter > 17 mm og \leq 28 mm (t.d. T8): 5 mg	Går ut 31. desember 2011. 3,5 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2011
2(a)(4)	Trifosforlysøyr med normal levetid og røyr diameter > 28 mm (t.d. T12): 5 mg	Går ut 31. desember 2012. 3,5 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2012
2(a)(5)	Trifosforlysøyr med lang levetid (\geq 25 000 t): 8 mg	Går ut 31. desember 2011. 5 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2011
2(b)	Kvikksølv i andre lysrøyr, høgst (per lampe):	
2(b)(1)	Rette halofosfatlampar med røyr diameter > 28 mm (t.d. T10 og T12): 10 mg	Går ut 13. april 2012
2(b)(2)	Ikkje-rette halofosfatlampar (alle diametrar): 15 mg	Går ut 13. april 2016

	Unntak	Omfang og bruksfristar
2(b)(3)	Ikkje-rette trifosforlampar med rørdiameter > 17 mm (t.d. T9)	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 15 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2011
2(b)(4)	Lampar for andre allmenne lysgjefingsføremål og spesielle føremål (t.d. induksjonslampar)	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 15 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2011
3	Kvikksølv i kalde katodelysrøyr og lysrøyr med eksterne elektrodar (CCFL og EEFL) for spesielle føremål, høgst (per lampe):	
3(a)	Korte (≤ 500 mm)	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 3,5 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2011
3(b)	Middels (> 500 mm og $\leq 1\ 500$ mm)	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 5 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2011
3(c)	Lange ($> 1\ 500$ mm)	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 13 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2011
4(a)	Kvikksølv i andre lågtrykksutladingslampar (per lampe)	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 15 mg per lampe kan nyttast etter 31. desember 2011
4(b)	Kvikksølv i høgtrykksnatriumlampar (damplampar) til allmenn lysgjeving, i lampar med betra fargeattgjevingsindeks, høgst (per brennar) $Ra > 60$:	
4(b)-I	$P \leq 155$ W	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 30 mg per brennar kan nyttast etter 31. desember 2011
4(b)-II	$155\ W < P \leq 405\ W$	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 40 mg per brennar kan nyttast etter 31. desember 2011
4(b)-III	$P > 405\ W$	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 40 mg per brennar kan nyttast etter 31. desember 2011
4(c)	Kvikksølv i andre høgtrykksnatriumlampar (damplampar) til allmenn lysgjeving, høgst (per brennar):	
4(c)-I	$P \leq 155$ W	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 25 mg per brennar kan nyttast etter 31. desember 2011
4(c)-II	$155\ W < P \leq 405\ W$	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 30 mg per brennar kan nyttast etter 31. desember 2011
4(c)-III	$P > 405\ W$	Inga bruksavgrensing fram til 31. desember 2011. 40 mg per brennar kan nyttast etter 31. desember 2011
4(d)	Kvikksølv i høgtrykkskvikksølvlampar (damplampar) (HPMV)	Går ut 13. april 2015
4(e)	Kvikksølv i metallhalogenlampar (MH)	

	Unntak	Omfang og bruksfristar
4(f)	Kvikksølv i andre utladingslampar for spesielle føremål som ikkje er uttrykkjeleg nemnde i dette vedlegget.	
5(a)	Bly i glaset til katodestrålerøyr	
5(b)	Bly i glaset til lysrøyr, høgst 0,2 vektprosent	
6(a)	Bly som legeringselement i stål for tilarbeiding og i galvanisert stål som inneheld høgst 0,35 vektprosent bly	
6(b)	Bly som legeringselement i aluminium som inneheld høgst 0,4 vektprosent bly	
6(c)	Koparlegeringar som inneheld høgst 4 vektprosent bly	
7(a)	Bly i loddemateriale med høg smeltetemperatur (dvs. blybaserte legeringar som inneheld minst 85 vektprosent bly)	
7(b)	Bly i loddemateriale til tenarar, lagringssystem og matriselagringssystem, utstyr til nettinfrastruktur for kopling, signalering, overføring og nettverksdrift for telekommunikasjon	
7(c)-I	Elektriske og elektroniske komponentar som inneheld bly i glas eller annan keramikk enn dielektrisk keramikk i kondensatorar, t.d. piezoelektriske innretningar, eller i ei matrise av glas eller keramikk	
7(c)-II	Bly i dielektrisk keramikk i kondensatorar med merkespenning på 125 V AC eller minst 250 V DC	
7(c)-III	Bly i dielektrisk keramikk i kondensatorar med merkespenning på høgst 125 V AC eller 250 V DC	Går ut 1. januar 2013 og kan deretter nyttast i reservedelar til elektrisk og elektronisk utstyr som er bringa i omsetning før 1. januar 2013
8(a)	Kadmium og kadmiumsambindingar i termosikringar (smeltesikringar) til eingongsbruk	Går ut 1. januar 2012 og kan deretter nyttast i reservedelar til elektrisk og elektronisk utstyr som er bringa i omsetning før 1. januar 2012
8(b)	Kadmium og kadmiumsambindingar i elektriske kontaktar	
9	Sekstverdig krom til rustvernmiddel i kjølesystem av karbonstål i absorpsjonskjøleskap, høgst 0,75 vektprosent i kjølemiddelet	
9(b)	Bly i lagerskåler og bøssingar til kompressorar som inneheld kjølemiddel, til bruk i oppvarming, ventilasjon, luftkondisjonering og kjøling	
11(a)	Bly som vert nytta i koplingssystem med bøyelege stiftar («C-press»)	Kan nyttast i reservedelar til elektrisk og elektronisk utstyr som er bringa i omsetning før 24. september 2010
11(b)	Bly som vert nytta i koplingssystem med bøyelege stiftar (bortsett frå «C-press»)	Går ut 1. januar 2013 og kan deretter nyttast i reservedelar til elektrisk og elektronisk utstyr som er bringa i omsetning før 1. januar 2013

	Unntak	Omfang og bruksfristar
12	Bly som vert nytta som overflatemateriale til c-ringar i varmeleiande modular	Kan nyttast i reservedelar til elektrisk og elektronisk utstyr som er bringa i omsetning før 24. september 2010
13(a)	Bly i kvitt glas til optisk bruk	
13(b)	Kadmium og bly i filterglas og glas til reflektansstandardar	
14	Bly i loddemateriale som er samansette av fleire enn to element som kopling mellom stiftane og mikroprosessorpakken, med eit blyinnhald på minst 80 men høgst 85 vektprosent	Går ut 1. januar 2011 og kan deretter nyttast i reservedelar til elektrisk og elektronisk utstyr som er bringa i omsetning før 1. januar 2011
15	Bly i loddemateriale for bruk til stabil elektrisk kopling mellom halvleiarskiver og -substrat i integrerte krinsar med Flip Chip	
16	Bly i rette glødelampar med røyr som er dekte av silikat	Går ut 1. september 2013
17	Blyhalogenid som strålekjelde i høgintensive utladingslampar (HID-lampar) som vert nytta til profesjonell reprografi	
18(a)	Bly som aktivator i det fluorescerande pulveret (høgst 1 vektprosent bly) i utladingslampar som vert nytta som spesiallampar til reprografi, litografi, insektfeller, fotokjemiske prosessar og herding, med lysstoff som t.d. SMS ((Sr,Ba) ₂ MgSi ₂ O ₇ :Pb)	Går ut 1. januar 2011
18(b)	Bly som aktivator i det fluorescerande pulveret (høgst 1 vektprosent bly) i utladingslampar som vert nytta som solariumlampar, med lysstoff som t.d. BSP (BaSi ₂ O ₅ :Pb)	
19	Bly med PbBiSn-Hg og PbInSn-Hg i særskilde samansetnader som hovudamalgam og PbSn-Hg som hjelpeamalgam i svært kompakte energisparelampar	Går ut 1. juni 2011
20	Blyoksid i glasforsegling mellom front- og bakplatene i flate lysrøyr som vert nytta i flytande krystall-skjermer (LCD)	Går ut 1. juni 2011
21	Bly og kadmium i trykkfargar for påføring av emalje på glas, t.d. på borsilikatglas og natronkalkglas	
23	Bly i slutt puss av andre findelte (fine pitch) komponentar enn koplingar med ein avstand på høgst 0,65 mm	Kan nyttast i reservedelar til elektrisk og elektronisk utstyr som er bringa i omsetning før 24. september 2010
24	Bly i loddemateriale for lodding til skiveforma og plane keramiske fleirlagskondensatorar med metalliserte, gjennomgåande høl	
25	Blyoksid i SED-skjermer (surface conduction electron emitter display), nytta i komponentstruktur, særleg i forseglingsglasur (seal frit og frit ring)	
26	Blyoksid i lampekolbar til lampar av typen Black Light Blue (BLB)	Går ut 1. juni 2011
27	Blylegeringar i loddemateriale for transdusarar til bruk i høgtalarar med høg effekt (som er meinte for bruk i fleire timar med akustiske effektnivå på minst 125 dB SPL)	Gjekk ut 24. september 2010

	Unntak	Omfang og bruksfristar
29	Bly som er bunde i krystallglas slik det er definert i vedlegg I (kategori 1, 2, 3 og 4) i rådsdirektiv 69/493/EØF ⁽¹⁾	
30	Kadmiumlegeringar som loddemateriale i det elektriske/mechaniske sambandet til elektriske leiarar som sit direkte på talespolen i transdusarar i høgtalarar med høg effekt og eit lydtrykknivå på 100 dB (A) eller høgare	
31	Bly i loddemateriale i kvikksølvfrie flate lysrør (som t.d. vert nytta i flytande krystall-skjermar, pyntelysgjeving eller industrilysgeving)	
32	Blyoksid i forseglingsglasur som vert nytta til å feste vindaug til argon- og kryptonlaserør	
33	Bly i loddemateriale for lodding av tynne kopartrådar med ein diameter på høgst 100 µm i transformatorar	
34	Bly i komponentar som er baserte på keramisk metall i trimmepotensiometer	
36	Kvikksølv som hemmar av katodeforstøving i plasmaskjermar for likestraum, med opptil 30 mg per skjerm	Gjekk ut 1. juli 2010
37	Bly i overflatebehandling av høgspenningsdiodar på ein base av sinkboratglas	
38	Kadmium og kadmiumoksid i tjukkfilmmasse som vert nytta på aluminiumbunden berylliumoksid	
39	Kadmium i fargekonverterande II-VI-lysemmitterande diodar (LED) (< 10 µg Cd per mm ² lysemmitterande område) til bruk i halvleiarbaserte lysgjevings- eller visingsystem	Går ut 1. juli 2014

⁽¹⁾ TEF L 326 av 29.12.1969, s. 36.

Merknad: Med omsyn til artikkel 5 nr. 1 bokstav a) i direktiv 2002/95/EF skal det fastsetjast ein grenseverdi for konsentrasjon på 0,1 vektprosent i einsarta materiale av bly, kvikksølv, seksverdig krom, polybromerte bifenylyl (PBB) og polybromerte difenyleterar (PBDE), og på 0,01 vektprosent i einsarta materiale av kadmium.»